

Behov for kontakt

Barnet ditt er fødd med evne til sosial kontakt. Ingen er skapt til å leve åleine. Vi treng alle ein plass å høyre til. Heilt frå fødselen søker barnet kontakt. Den første kontakten handlar om å bli kjend med deg som forelder. Du er midtpunktet i verda til barnet ditt. Sjølv om barnet etter kvart vert nysgjerrig på andre, er det du som vil vere den viktigaste basen i barnet sitt liv gjennom oppveksten. Med deg som ankerfeste, lærer barnet å vere trygg og ha trua på seg sjølv. Desse eigenskapane er viktige i utviklinga av barnet sin sosiale kompetanse. Godt samspel med andre er ein sentral

beskyttelsesfaktor mot ei negativ utvikling for barnet. God samhandling med andre lærer barnet best ved å erfare korleis du er med andre. Du er barnet sin viktigaste rollemodell.

Ulike behov for kontakt

Behovet for kontakt er tilstades i alle aldrar, men kan variere frå person til person. Kanskje er du blitt mor eller far for første gong, eller kanskje har du vore gjennom tida med spedbarn før. Kanskje har du eit stort nettverk, eller kanskje kjenner du at det er vanskeleg å ta kontakt med andre. I tida som kjem har de likevel alle ein fellesnemnar - det nyfødde barnet. Barselgruppe gir høve til kontakt med andre i same situasjon. Permisjonstida kan brukast til å treffast, og gi kvarandre støtte og råd. De har mykje erfaring å dele med kvarandre.

Vere saman

Forslag til aktivitet:

- Delta på barseltreff og tematreff på helsestasjonen.
- Etabler barselgruppe og treff kvarandre utanom helsestasjonen.
- Sjekk ut kva slags tilbod som finst i kommunen for spedbarnsforeldre. Babysang, trillegruppe, babysvømming, mor-barn-trim, barselkafè eller småbarnstreff.
- Etabler gruppe for fedre i permisjon ved behov.
- Fysisk aktivitet er bra for deg og barnet ditt. Når ein er saman med andre, er det ofte enklare å komme i gang.



Illustrasjon av Ida, 1.klasse